



*Verdens beste kommune for naturglade mennesker!*

Åndalsnes - Romsdal

# Årsrapport 2017



Rauma  
kommune

---

[www.rauma.kommune.no](http://www.rauma.kommune.no)

# Innholdsoversikt

<u>1. RÅDMANNENS KOMMENTAR</u>	<u>3</u>
<u>2. VISJON, MÅL OG STRATEGIAR</u>	<u>4</u>
<u>3. POLITISK VERKSEMD</u>	<u>5</u>
<u>4. SAMFUNN</u>	<u>7</u>
SAMFUNNSPLANENS HANDLINGSPROGRAM	7
BEFOLKNINGSVEKST 2017	7
BEDRIFTSVEKST 2017	7
BOLIGVEKST 2017	8
Kommune-NM	8
VIKTIGE HENDINGAR I 2017	9
<u>5. TENESTER</u>	<u>9</u>
MÅL	9
Kommunebarometeret	10
ORGANISERING I TENESTEOMRÅDER	10
VIKTIGE HENDINGAR I 2017	11
<u>6. ORGANISASJON</u>	<u>12</u>
LEIING	12
REKRUTTERING	13
LIKESTILLING	13
BEDRIFTSHELSETENESTE	14

<b>HELSE- MILJØ OG SIKKERHEIT (HMS)</b>	<b>14</b>
<b>ETISKE RETNINGSLINER</b>	<b>16</b>
<b>KOMPETANSEUTVIKLING</b>	<b>16</b>
<b>FRÅVER</b>	<b>16</b>
<b><u>7. ØKONOMI</u></b>	<b><u>17</u></b>
<b>REKNESAK DRIFT 2017</b>	<b>17</b>
<b>SKATTAR OG RAMMEINNTEKTER</b>	<b>19</b>
<b>INVESTERINGAR 2017</b>	<b>22</b>
<b>GJELD OG KOMMENTARAR TIL DEN FINANSIELLE SITUASJONEN</b>	<b>24</b>
<b>ØKONOMISK RISIKO</b>	<b>25</b>
<b><u>8. VEDLEGG: ØKONOMISKE OVERSIKTER OG NOTER</u></b>	<b><u>26</u></b>
<b><u>9. MELDING OM EIGARFORHOLD</u></b>	<b><u>48</u></b>

# 1. Rådmannens kommentar

## Samarbeid er nøkkelen

Rauma sine innbyggjarar har talt! Gjennom Borgarundersøkinga 2017 har folk busett i Rauma sagt si mening. Rauma kommune er ein kommune der innbyggjarane kjenner tryggheit i kvardagen og kjenner tilknytning og tilhørigheit. Folk busett i Rauma er minst like nøgde med dei kommunale tenestene som folk i landet elles. Dei er fødd inn i ein god kommune å leve og bo i, dei 88 nyfødde som såg dagens lys i Rauma i 2017.

Stikkord for min kommentar er samarbeid. Det gjeld også på området for kommunal tenesteproduksjon. Borgarundersøkinga viser at innbyggjarane er godt nøgd og kommunebarometeret viser ein fin framgang når det gjeld kvalitet og omfang på våre tenester. Vi opplever likevel at styresmaktene stiller stadig strengare krav til oss når det gjeld dimensjonering og kompetanse i tenestene våre. På fleire område synes det å vere føremålstenleg å arbeide saman om tenestene i regionen. Barnevernsvakt, Brannsvernsamarbeid og legevakt er nye område der Rauma har vedteke eller lagar utgreiing om eit samarbeid. Kommunestyret må ta stilling til fleire av desse sakene i 2018

Selskapet Romsdalen AS vart stifta i desember 2017. Her er både lokale, regionale og nasjonale aktørar med på eigarsida. Selskapet sitt formål er på kommersielt grunnlag å utvikle, bygge, eige, drifta og marknadsføre reiselivsanlegg og reiseliv i Rauma og Romsdal. Dette selskapet kan bli drivkrafta som samlar reiselivsaktørane slik at det kan gjennomførast større løft. Reiseliv er det området der Rauma har naturgitte fortrinn. Dette har turistane alt oppdaga, - dei er her allereie. No har vi etablert reiskapen som etter kvart skal gje dei grunn til å bli her lengre, oppleve meir og leggje igjen meir pengar i Rauma.

I skrivande stund er det også klart at det blir Innovasjonssenter på Øran. Senteret skal være ein base for innovasjon og eit fellesareal for samhandling, opplæring og relasjonsbygging innad i næringslivet og mot samarbeidspartnarar. Samarbeid med kunnskapsparkane og miljøa i Raufoss, Trondheim, Ålesund og Molde er sentralt.

Det som kjenneteiknar både Romsdalen AS og Innovasjonssenteret Åndalsnes er samarbeid. Som kommune vil vi også i aukande grad vere avhengig av gode samarbeid med innbyggjarane våre for å kunne oppretthalde ønska kvalitet på tenestene til dei brukarane som treng ei handsrekning. Som på dei fleste andre område er samarbeid nøkkelen for å lukkast. Skal Raumasamfunnet fortsette å utvikle seg og vekse er vi avhengige av at næringsliv, kommune og innbyggjarar held fram med å dra lasset saman. Her må vi bidra – alle som ein! Eg ser fram til samarbeidet!

Åndalsnes 31.03.2018

Toril Hovdenak

Rådmann

## 2. Visjon, mål og strategiar

### "Vi skal bli verdas beste kommune for naturglade menneske"

Visjonen er heile Raumasamfunnet sin visjon. Den har god forankring lokalt og er godt profilert. Den er inkluderande for alle som bur eller gjestar Rauma. Visjonen forpliktar oss i forhold til å ta vare på naturen og vere eit bærekraftig samfunn. I samfunnsplanen 2014-2025 vart følgjande verdiar vedteke: **Samarbeidsvillig, Ekte og Raus.** Verdiane seiar at vi SER kvarandre og er Samarbeidsvillige, Ekte og Rause. Tolerant er og eit ord som beskriver verdien Raus.

Hovudmål	Forklaring
<b>400 innbyggjarar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Hovudindikator for eit samfunn sin livskraft er utvikling av folketalet</li> <li>• Rauma har fødselsunderskot, netto, men positiv innanlands flytting og utanlands innvandring</li> <li>• Ei utfordring er å auke talet på kvinner</li> </ul>
<b>300 arbeidsplassar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Målet er netto vekst i talet på arbeidsplassar. Dette legg eit grunnlag for vekst i folketalet. På sikt er antall arbeidsplassar dimensjonerande for kor mange som vil bo i kommunen</li> <li>• Halvparten av veksten bør komme frå vekst i eige næringsliv – resten frå auka utpendling</li> <li>• To strategidokument ligg til grunn for vekst i arbeidsplassar: Strategisk næringsplan og Strategi for utvikling av reiseliv og handel</li> <li>• Viktigaste strategi for økt pendling er ferjefri Langfjordkryssing</li> </ul>
<b>200 bustadar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Godt og allsidig tilbod av bustader og bustadomter er viktig for vekst i folketalet</li> <li>• Kommunen skal ha byggeklare tomter i Måndalen, Åndalsnes, Isfjorden og Åfarnes til ei kvar tid</li> <li>• Kommunen vil samarbeide med private om bustadomter i andre bygdelag</li> <li>• Ei særlig kommunal oppgåve er å bidra til nok omsorgsbustader, utleiebustader, førsteheimsbustader og bustader for vanskelegstilte</li> </ul>


### Strategiar

- **Samferdsel og regionforstørring:** Ein hovudstrategi for å bli del av ein større og ekspansivt bu- og arbeidsmarknad
- **Tilflytting og innvandring:** Både for tilbakeflyttarar, norske tilflyttarar og utanlandske innvandrarar må Rauma være attraktivt, med gode jobb- og butilbod – venleg og imøtekommende
- **Næringsvekst:** Rauma har eit sterkt næringsliv, men med svak vekst. Omstilling, knoppskyting og nyetableringar blir viktig framover

- **Reiseliv:** Rauma kommune vil arbeide for at Rauma, Åndalsnes og Romsdal skal vidareutviklast som ein sterk reiselivsdestinasjon – fundert på naturbaserte opplevingar og gode servicetilbod
- **Sentrumsutvikling:** Åndalsnes skal utviklast som ein attraktiv småby – både for kommunen sine innbyggjarar og dei som gjestar kommunen
- **Bygdeutvikling:** Tilrettelegging for vekst og utvikling i bygdene er viktig for å nå kommunen sine overordna mål og ta vare på dei ressursar som er i heile Rauma

## 3. Politisk Verksemd

### Politisk organisasjon



Kommunestyret i Rauma har 27 representantar fordelt på desse gruppene:

- Høgre – 8
- Senterpartiet – 7
- Arbeidarpartiet – 4
- Framstegspartiet – 2
- Kristeleg Folkeparti – 2
- Sosialistisk Venstreparti – 2
- Venstre – 1
- Uavhengig – 1

Ordførar er Lars Olav Hustad (H) og varaordførar er Arne Hop (KrF).

### Møteverksemd

- I 2017 hadde kommunestyret i alt åtte ordinære møte i tillegg til eit møte med orientering og gruppedrøfting om rådmannens innstilling til budsjett. Kommunestyret hadde i forbindelse med ordinære møte også ein runde med folkevaltopplæring og synfaring ved kraftverket på Verma. Kommunestyret handterte i alt 103 saker og 16 spørsmål og interpellasjoner.

- Kommunestyret er Generalforsamling i Rauma Energi. I 2017 ble det gjennomført eit møte i generalforsamlinga.
- Formannskapet hadde 7 møte i 2017 og behandla totalt 118 saker. I tillegg deltok formannskapet på reiselivsdag og Tettstadkonferansen i Møre og Romsdal.
- Arbeidsmiljøutvalet hadde 4 møte i 2017 og behandla 27 saker.
- Utval for plan og forvaltning hadde 7 møte med 75 behandla saker. I tillegg deltok utvalet på Tettstadkonferansen i Møre og Romsdal.
- Kontrollutvalet hadde 6 møte i 2017 og behandla 39 saker.

#### **Overføring av kommunestyre sine møte**

Møte i kommunestyret overførast samstundes på kommunen og Åndalsnes Avis sine nettsider. Etter møte er opptaka tilgjengeleg på kommunens nettsider.

	<b>2017</b>	<b>2016</b>
<b>Visningar</b>	4 771	3 886
<b>Unike visningar (unike IP-adresser)</b>	1 179	1 070

#### **Saker**

Dei største og viktigaste sakene som vart behandla av dei politiske organa i kommunen i 2017 var:

- Elementpartner – Godkjenning av aksjesalgsavtale og leieavtale.
- Høring – finanisering av to-fergeløsning Åfarnes-Sølsnes.
- Videre strategi for arbeidet med samfunns-, nærings- og reiselivsutvikling samt kommunens engasjement i Nordveggen AS
- Mulighetsstudie sykkelsti Romsdalen.
- Ansettelse av rådmann.
- Etablering av bofelleskap ved Voll omsorgssenter og Åndalsnes sjukeheim.
- Nedlegging av Vågstranda skule.
- Midlertidig tiltak for bedring av trafikksituasjonen ved Måndalen skule.
- Omlegging av takst- og rabattsystem – Eksportveien AS.
- Årsrapport med regnskapsvedtak for 2016.
- Rammer og utfordringer inn mot budsjett 2018 – økonomiplan 2018-2021.
- Tilstandsrapport for grunnskolen 2016.
- Prinsippvedtak – finansiering av ny E136 Veblungsnes.
- Lokal forskrift om rett til opphold i sykehjem.
- Rammer for videre skole- og barnehageutbygging i Måndalen.
- Aktivites- og arbeidstilbud for personer utenfor ordinært arbeidsmarked.
- Kommunal garanti Tegelverkveien Eiendom AS.
- Planprogram for rullering av Samfunnsplanen 2019-2030.

- NTP – Høring på handlingsprogram.
- Rammer for borgerlige vigsler i kommunal regi.
- Sluttbehandling – Kommunedelplan for Isfjorden.
- Hovedmøteplan 2018.
- Budsjett og økonomiplan 2018-2021.
- Bosetting av flyktninger 2018.
- Aktivitets- og arbeidstilbud – etablering av forprosjekt.
- Etterbruk av Rauma sjukeheim.
- Åndalsnes Samfunnshus – Svømmehall. Tilstand og muligheter.
- Anleggsplan for idrett og fysisk aktivitet 2018-2030.
- Rullering av forvaltningsplan for statlig sikra friluftslovsområder 2018-2022.
- Kommunikasjonsstrategi for Rauma kommune 2017-2020.
- Tilsyn med salg av tobakksvarer og tobakkssurrogater – gebyr og delegering av myndighet.
- Deltakelse i KS/NAV prosjekt NED med sykefraværet.

## 4. Samfunn

### **Samfunnsplanens handlingsprogram**

Overordna mål for Raumasamfunnet vedtatt i Samfunnsplanen er omtala i starten av årsrapporten og er knytt til befolkningsvekst, næringsvekst, regionforstørring og boligvekst.

#### **Befolkningsvekst 2017**

	2016	2017	Endring	Mål 2025
Folketall	7503	7507	+4	7818

Folketalet i Rauma auka med 4 personar i 2017. Det var 88 fødte og eit fødselsoverskot på 1 person i 2017.

#### **Bedriftsvekst 2017**

	2016	2017	Endring	Mål 2025
Lokale arbeidsplassar	3327	3368	+41	3710

Indikatoren for bedriftsvekst har vore utviklinga i talet på lokale arbeidsplassar i Rauma målt gjennom sysselsettingsstatistikken. Tal arbeidsplassar gjekk dramatisk ned i perioden 2014 til 2016 på grunn av «oljekorreksjonen» i økonomien. Det er svært gledeleg å sjå at nedgangen har snudd og at talet på arbeidsplassar i Rauma har auka med 41 frå 2016 til 2017. Den største auken er i bygge- og anleggsverksemd og personleg tenesteyting, den største nedgangen finn ein i jordbruk, skogbruk og

fiske. Talet på sysselsette i befolkninga held fram med å gå ned, og vart redusert med 18 personar frå 3675 til 3657.

## **Regionforstørring 2017**

	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>Endring</b>
Tal utpendlarar til resten av fylket	481	500	19

Talet på utpendlarar frå Rauma til nabokommunane har auka frå 2016 til 2017 med 19 personar. Ut pendlinga til Molde er auka frå 245 til 251 personar etter ein kraftig nedgang i 2016. Det som såg ut til å vere ein kraftig effekt av Tresfjordbrua har bremsa nokon opp, då pendlinga til Ålesund er redusert med 8 til 62 pendlarar. Ut pendlinga til Vestnes auka likevel frå 86 til 96 personar.

## **Boligvekst 2017**

	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>Endring</b>	<b>Mål 2025</b>
Godkjente boeininger	10	15	+5	20

Talet på godkjente boeininger i 2017 var 15. Boligbygginga svingar mykje frå år til år og talet på godkjente boeinigar dei tre første åra i handlingsprogrammet 2014 - 2017 er på heile 110 bustader dvs. at ein er over halvvegs til målet om 200 nye bustader fram til 2025.

Rauma er ein stor hytte-kommune og det kan leggast til at ein i tillegg til 15 boligar godkjente bygging av 14 hytter i 2017.

## **Kommune-NM**

For å samanlikne samfunnsutviklinga i Rauma med utviklinga elles i landet, kan ein sjå til statistikkgrunnlaget som kvart år blir lagt fram av NHO kalla Kommune-NM. Her er kommunene rangert innanfor fem ulike område.

<b>Område</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>Endring</b>
Næringsliv	92	106	-14
Arbeidsmarknad	289	287	+2
Demografi	288	233	+69
Kompetanse	96	125	-29
Kommunal økonomi	158	232	-74
Samla rangering	195	192	+3

Rauma plasserer seg no på ein 192. plass av 428 kommunar. Vi får karakteren god og rangerer fortsatt blant blant den beste halvparten av norske kommunar.

## Viktige hendingar i 2017

- Opning av Via Ferrata
- Etablering av Romsdalen AS
- Det vart registrert 88 fødslar i Rauma i 2017! Dette er det høgste talet sidan 2011
- Næringsprisen 2017 tildelt PostNord Åndalsnes
- Kulturprisen 2017 gikk til ekteparet Tove Merete Bøe og Trond Jansen
- Veslemannen blir tilført vatn – men skredet blir ikkje utløyst
- Rauma kommune kan tilby byggeklare tomter på Åfarnes
- Tilgjengelighetsprisen 2017 blir tildelt Raumagjengen
- Rauma kommune blir Stikk UT-kommune
- Det blir etablert ny ladestasjon for el-bil ved Tindesenteret
- Møre og Romsdal fylkeskommune sin Tettstadskonferanse blir arrangert på Åndalsnes
- Jernbanepllassen, leikepllassen på Vøra og Tinderangleplassen ved Tindesenteret blir ferdigstilt

## 5. Tenester

### Mål

Vedtatte mål for kommunen sin tenesteproduksjon er:

Overordna mål	Rauma kommune skal yte tenester til sine brukarar i samsvar med brukarane sine behov og rettar
Mål	Brukarane skal ha tilpassa tenester   System sikrar og måler god kvalitet

I 2017 gjennomførte Rauma kommune Borgarundersøkelsen. Rauma har gode resultat her. Når det gjeld tilfredshet med kommunale tenester får Rauma ein skåre på 62 (snittet for Norge er 61). Best ut kjem tenestene vatn og avløp, renovasjon og barnehage. Dei svakaste resultata får kommunen på områda gang- og sykkelstiar, vegar, byggесakshandsaming og eldreomsorg.

Tenestekvalitet krev eit internkontrollsysteem som måler avvik i høve til fastsette normer og prosessar. Vi har hatt ei positiv utvikling på området, men har fortsatt eit stykke veg å gå for å nå eit tilfredsstillande nivå på overordna tenestenivå. Systemet blir fortsatt for lite brukt til å rapportere avvik på tenestekvalitet. Ein viser også til rapport frå internkontrollsysteem i organisasjonskapitlet.

I 2017 er det oppretta brukarråd for kvart tenesteområde. Desse råda bidreg til å betre brukartilpassing og sikring av tenestekvalitet.

Som vedlegg til årsrapporten er det utarbeidd rapport frå kvart av kommunen sine seks tenesteområde. Her har tenesteområda rapportert på dei mål som vart sett i strategien for kvart av områda i samband med budsjett og økonomiplan 2017-2020.

## Kommunebarometeret

Kommunebarometeret viser Rauma sin relative plassering blant landets 426 kommunar når det gjelder «kvalitet og omfang» av tenesteproduksjonen. Utviklinga frå 2016 til 2017 går fram av tabellen nedanfor:

	2016	2017	Endring
Grunnskole	113	146	-34
Pleie og omsorg	253	397	-144
Barnevern	218	169	+49
Barnehage	400	389	+11
Helse	198	220	-22
Sosial	284	74	+210
Kultur	200	304	-104
Økonomi	403	393	+10
Kostnadsnivå	144	71	+73
Miljø og ressursar	227	152	+75
Saksbehandling	377	43	+334
Vann, avløp og renovasjon	304	272	+32
<b>Totalt</b>	<b>320</b>	<b>282</b>	<b>+38</b>

Merk: tabellen er oppdatert med nøkkeltallene som er brukt i 2017-barometeret.

50% av nøkkeltala viste framgang frå i fjor og vi plasserer oss på ein 282. plass justert for inntektsnivå. Vi hadde ein framgang på 38 plassar samanlikna med i fjor. Forbetringa er størst innan miljø og ressursar, sosialtenester, saksbehandling og kostnadsnivå. På dei tre sistnemnde områda er vi blant dei 100 beste kommunane i landet. Vi er no blant dei 17% mest kostnadseffektive kommunane i landet, til tross for at vi har ein utfordrande geografi. Samstundes er økonomien eit av dei svakaste nøkkeltala i barometeret på grunn av eit nær tomt disposisjonsfond og høg renteeksponering. Rauma kommune har sine svakaste plasseringar innan økonomi (393. plass) , pleie og omsorg (397. plass) og barnehage (389. plass).

## Organisering i tenesteområder

Kommunens tenesteområde er:




Formålet med tenesteorganisering er å få til tettare samarbeid, betre kompetansedeling og meir effektiv drift mellom tenester som er nærståande og rettar seg mot om lag same målgruppe av brukarar.

## Viktige hendingar i 2017

- Kulturhuset feira sitt 10-årsjubileum
- Tilstandsrapporten for grunnskolen er lagt fram for kommunestyret
- Rauma kommune er ute av ROBEK
- Det er etablert brukarråd innenfor nesten alle tenesteområda våre
- Det er utført tilsyn med arkivholdet i Rauma kommune
- Kommunen har overtatt fem private vassverk
- Konseptet «Sterk og stødig» samlar 80 personar 65+ til trening og fallforebygging
- Toril Hovdenak tek til som rådmann i Rauma
- Ny rekord på utlån frå Utstyrssentralen Rauma frivilligsentral
- Det vart vedtatt ny kommunedelplan for Isefjorden
- Gjennomført tilsyn frå fylkesmannen om «Elevens utbytte av opplæringa»
- Gjennomført kartlegging av trafikkfarleg skuleveg av Asplan Viak
- Etablert intensjonsavtale med NTNU om regional vidareutdanning av lærarar i norsk, matematikk og engelsk for perioden 2017-21
- Læringsverkstedet åpner sin nye barnehage Rabben i Isefjorden
- Etterbruk av Åndalsnes sjukeheim og Voll omsorgssenter er utgreidd
- Åndalsnes barneskule opnar sin klatrejungel
- Organisering og bemanninga av helsehuset er avgjort
- Arbeidstilsynet har gjennomført tilsyn med barnevern og hjemmebasert helse- og omsorgstjeneste på temaet Vold og trussel om vold
- NAV Rauma mottok årets arbeidsmiljøpris frå NAV Møre og Romsdal

## 6. Organisasjon

### Leiing



Frå 1. august 2017 tiltrådte Toril Hovdenak i stilling som rådmann etter Oddbjørn Vassli

### Mål og resultat

Overordna mål	<b>Rauma kommune skal vere ein profesjonell og framtidsretta organisasjon å arbeide i</b>	
Mål	Vi skal utvikle og mobilisere ansatte sin kompetanse	Vi skal utvikle og løfte fram våre leiatar
Korleis lykkast	Godt arbeidsmiljø med tydeleg oppgåvefokus	Leiarutvikling og leiaroppfølging
Korleis måle	Medarbeiderundersøkelser	360 graders evaluering
Resultatmål 2017	Følge opp KS sin 10 – Faktor medarbeiderundersøkelse med eigne handlingsplaner på tenesteområda.	Leiarutviklingsprogram gjennomført hausten 2016 og våren 2017. Eigne handlingsplaner utarbeidd.

Frå Borgerundersøkinga sine målingar om «Kommunen som organisasjon» blir følgande oppsummert om Rauma: «Som organisasjon fungerer Rauma kommune noenlunde bra ifølge innbyggerne, som gir en skåre på 56. Denne skåren er lik norgessnittet. Det er forholdsvis små variasjoner på de ulike områdene. Alle skårene er middels gode, og varierer fra 52 når det gjelder generell drift, til 61 for miljøbevissthet».

## **Rekruttering**

Vi har kompetente søkerar til dei fleste stillingar, men noko variasjon i forhold til dei ulike tenesteområda. Rekruttering av mellom anna barnehagelærarar og sjukepleiarar kan vere krevjande. Leiastillingar er det generelt få søkerar til. Reduksjon i talet på deltidsstillingar blir gjort der det er mogleg og ønskeleg. Tilsette i midlertidige stillingar med rettar etter Arbeidsmiljølova får faste arbeidsavtaler når det er grunnlag for det.

Rauma kommune har gjennom mange år satsa på lærlingordninga som ein aktiv del av vårt rekrutteringsarbeid. Ved årsskiftet var 13 lærlingar under aktiv opplæringskontrakt. Lærlingane blir følgt opp av Rauma og Vestnes opplæringskontor.

## **Likestilling**

Rauma kommune har ein løns- og tilsettjingspolitikk som ikkje diskriminerer mellom kjønna. Å legge til rette for at tilsette med redusert arbeids- og funksjonsevne kan fortsette i arbeidslivet er ein sentral del av vår arbeid for å fremme likestilling og integrering, og å motverke diskriminering. Rauma kommune har eige utval for likestilling, eldre og funksjonshemma. Rådet har ikkje behandla saker som angår likestilling i 2017.

	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
<b>Årsverk totalt</b>	<b>533</b>	<b>537</b>	<b>569</b>	<b>544</b>	<b>557</b>
<b>Tilsette totalt</b>	<b>706</b>	<b>696</b>	<b>680</b>	<b>694</b>	<b>711</b>
Tilsette, menn	159	158	153	151	156
Tilsette, kvinner	547	538	527	543	555
Tilsette, heiltid totalt	315	291	295	280	292
Tilsette, heiltid menn	99	86	87	82	83
Tilsette, heiltid kvinner	216	205	208	198	209
Tilsette, deltid totalt	391	405	351	414	419
Tilsette, deltid menn	60	72	66	74	73
Tilsette, deltid kvinner	331	333	319	340	346
Brann deltid m.m.	38	42	42	42	35
Brannbefal (deltid)	4	4	4	4	4
Leiarar	34	35	34	46	54
Leiarar, menn:	12	14	12	17	17
Leiarar, kvinner:	22	21	22	29	37

Talet på årsverk har ved årsslutt auka med 13 tilsvarande 2,38 % i forhold til 2016. 78 % av kommunen sine tilsette er kvinner. Kvinneandelen leiarar i kommuneorganisasjonen er 68 %.

Talet på kvinner tilsette på heiltid har ein liten auke samanlikna med 2016. Samstundes har også tala for kvinner som arbeider deltid ein liten auke. Det er ei målsetting å få fleire kvinner over i heiltid gjennom ein fleksibel personalpolitikk og med utviding av stillingar. Både erfaringsbasert og kunnskapsbasert viser dette seg vanskeleg utan at ein samtidig set fokus på arbeidstidsordningane innan turnusyrka.

Auken i talet på leiarstillingar skuldast i all hovudsak omorganisering i fleire avdelingar innan helse og omsorg.

I 2017 vart det gjennomført ein nedbemanningsprosess som omfatta 12 overtallige medarbeidarar i kommuneorganisasjonen. I forkant av nedbemannninga var omstillingssavtalen med dei hovudtillitsvalgte revidert for å ivareta prosesskrav og rettar etter avtaleverk og Arbeidsmiljøloven.

Dei overtallige fekk tilbod om anna relevant stilling i kommunen. Ingen vart oppsagt som følge av prosessen.

Som ein del av kommunen sitt bedriftsinterne attføringsarbeid er fleire personar omplassert i stillingar i 2017. Vår satsing med å tilby og legge til rette for at tilsette med redusert arbeids- og funksjonsevne kan fortsette i arbeidslivet er ein sentral del av vårt arbeid for å fremme likestilling og integrering, og å motverke diskriminering.

## **Bedriftshelseteneste**

Rauma kommune har avtale med Stamina Helse om levering av ein fast prisa grunnpakke HMS og ein pakke med tilleggstenester som er bestilt spesifikt. Bedriftshelsetjenesten møter fast i Arbeidsmiljøutvalget.

## **Helse- miljø og sikkerheit (HMS)**

Rauma kommune har eit web-basert system for handtering av helse- miljø og sikkerheitsarbeid (HMS). I HMS-systemet sitt årshjul finn ein det systematiske arbeidet som skal gjennomførast i einingane for å imøtekommе krava i Arbeidsmiljølova.

<b>HMS-krav</b>	<b>Gjennomført</b>		<b>Delvis gjennomført</b>		<b>Ikkje gjennomført</b>	
	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2015</b>	<b>2017</b>
<b>År</b>						
Verksemder med utarbeida tiltaksplan	16	23	0	0	0	2
Meldte avvik og status	109	38	14	3	27	36
Verksemder med gjennomført vernerunde	13	14	0	0	3	11
Verksemder med gjennomført eller tilbod	16	25	0	0	0	0

om opplæring HMS						
Verksemder med revidert risikovurdering	10	12	0	0	6	13

Alle verksemder skal utarbeide tiltaksplan og gjennomføre vernerunde. I tillegg får alle verneombud og verksemder tilbod opp HMS opplæring. Kor ofte verksemda skal gjennomføre risikovurdering er ein del av ROS analysen.

### **Internkontroll (IK)**

Internkontroll er kommunen sitt verktøy etter kommunelova for å identifisere svakheiter og brot på lovkrav i tenestene. Det web-baserte IK systemet har same portalløysing som HMS systemet.

Internkontrollen er under kontinuerlig utvikling der ein også i 2017 har lagt særleg vekt på innlegging av prosedyrar og rutinar knytt til tenesteyting. Meldte avvik blir handtert og lukka av verksemdsleiar. Lukking av avvik kan mellom anna skje gjennom endring av prosedyrer, opplæring, informasjon eller andre kvalitetsforbetrande tiltak.

	Meldte avvik	Avvist	Ikkje starta	Starta	Fullført
<b>2015</b>	43	2	13	1	27
<b>2016</b>	177	3	63	47	64
<b>2017</b>	275	0	126	10	139

Det høge talet med ikkje starta avviksbehandling i 2017 er innan enkelte tenesteområder, og har sin bakgrunn i overgang ny organisering og i nokre tilfelle med bakgrunn i særskilde avviksregisteringar.

### **Digitalisering**

- Felles ressursstyringssystem med elektronisk fråversregistering for alle ansatte (arbeidstid, fråver, timer) med integrasjon mot Visma HR innført hausten 2017.
- Innføring av programvaren Visma Enterprise BI. Et system som gir samla oversikt over fragmenterte data til informasjon og kunnskap, og der målsettinga er å gje leiinga på alle nivå informasjon og kunnskap for å understøtte avgjersler og gje betre styring på økonomi og personalområdet.
- Andre halvår 2017 vart Visma Personalmelding innført. Dette er ein web modul som gir full oversikt over alle stillingsendringar, inkludert registrering av nye ansatte og tilsette som sluttar. Ved å ta i bruk web modulen reduserer ein behovet for papirskjema. Feilkjeldene blir redusert og saksbehandlinga vil gå raskare.

## **Etiske retningsliner**

Etikk er å halde seg redelig til eit verdigrunnlag, både sitt eige og det verdigrunnlaget som gjeld i organisasjonen. Som ein open organisasjon er kommunen sitt omdømme avhengig av innbyggjarane sin tillit. Tilliten blir svekka ved mistanke om til dømes korrupsjon, lovbrot, maktmisbruk eller liknande handlingar. For kommunen som verksemder er det derfor i tillegg til det som følgjer direkte av lover og regler, vedtatt eigne etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette. I tillegg er det eigne retningslinjer for varsling. Det er ikkje avdekka alvorlege brot på retningslinene eller behandla varslingssaker i 2017.

## **Kompetanseutvikling**

Rauma kommune ønskjer å arbeide systematisk og strategisk med kompetanse for lettare å behalde, utvikle, rekruttere og nytte rett kompetanse. Tilsette med rett kompetanse er med på å sikre at kommunen leverer gode tenester. Med dette som bakteppe har verksemdene utarbeidd og vedtatt strategisk kompetanseplanar. Strategisk kompetansestyring inneber planlegging, gjennomføring og evaluering av tiltak for å sikre organisasjonen og den enkelte medarbeidar nødvendig kompetanse for å nå definerte mål.

Til opplæringstiltak blei det i 2017 brukt ca. 1,9 millionar kroner. Midlane kjem frå kommunale løvningar og frå øyremerka midlar innan helse og omsorg og oppvekst, samt midlar som vi har fått gjennom spesifisert søknad.

## **Fråver**

Under framgår den siste sentrale og bearbeida statistikken frå KS for perioden 4. kvartal 2016 til og med 3.kvartal 2017. Statistikken omfattar ein periode på 4 kvartal i gongen.

	<b>Samla sjukefråver</b>			<b>Undervisningspersonell</b>			<b>Turnuspersonell</b>		
	2015- 2016	2015- 2016	2016- 2017	2015- 2016	2015- 2016	2016- 2017	2015- 2016	2015- 2016	2016- 2017
Kommunar	9,96	9,84	9,91	8,53	8,14	8,22	12,10	11,99	11,92
Rauma	10,68	11,02	10,95	9,66	7,30	11,18	13,54	13,91	13,54

## **Visma HRM – intern statistikk sjukefråver**

Sjukefråveret i Visma HRM viser faktisk sjukefråver og er ikkje ein bearbeidd statistikk som den sentrale statistikken frå KS. Tala for 2016 og 2017 er rapportar henta frå samanliknbar ny organisering.

	<b>01.01.16 – 31.12.16</b>	<b>01.01.17 – 31.12.17</b>
Fråver alle verksemder	<b>8,6%</b>	<b>7,9%</b>
Legemeldt fråver alle	7,7%	7,0%
Eigemeldt fråver alle	0,9%	0,9%

Etter nokre år med høgt stabilt sjukefråver kan tala for 2017 vere teikn på at sjukefråveret er på veg ned. I 2018 gjennomfører vi også ei eiga satsing på reduksjon i sjukefråveret saman med NAV og KS.

I all hovudsak er det dei langtidssjukemeldte som utgjer fråveret i statistikken. Dette ser vi ut frå at legemeldt sjukefråver er på 9,95 prosentpoeng og eigenmeldt sjukefråver på 1,00 prosentpoeng. Målt i prosentpoeng er sjukefråver utanom arbeidsgivarperioda 7,04 og sjukefråver i arbeidsgiverperioda på 3,90.

Sjukefråværet og oppfølging av dette er tema i kvart møte i Arbeidsmiljøutvalget og i det månadlege møtet mellom rådmann og Hovudtillitsvalgte/Hovudverneombud.

## 7. Økonomi

### Rekneskap drift 2017

Rauma nådde målsettinga om eit overskot i 2017 og nedbetaling av underskot, og er med det ute av ROBEK lista. Ikkje alle einingane nådde målet om å tilpasse drifta til den budsjettramma kommunestyret har sett.

<i>Overordna mål</i>	<i>Rauma skal ha en bærekraftig kommunal økonomi</i>		
<i>Mål</i>	Rauma kommune skal gå med <b>overskudd</b> hvert år	<b>Netto finansutgifter</b> skal være rimelige og forsvarlige	Driften skal være <b>kostnads-effektiv</b>
<i>Hvordan lykkes</i>	Alle enheter må tilpasse driften til tildelt budsjett-ramme	God avkastning fra Rauma Energi  Økte låneopptak må i størst mulig grad finansieres med innsparinger i driften	Kostnader må synliggjøres og sammenlignes i alle tjenester
<i>Hvordan måle</i>	Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	Netto finansutgifter i prosent av brutto driftsinntekter	Produksjons-indekser fra TBU (ett år etterslep)

<i>Resultat 2016</i>	3,3 %	2,4 %	105
Ambisjon 2020	Minimum 1,75 %	Maksimum 5 %	Over 110
<i>Resultatmål 2017</i>	1,5 %	4 %	111
<i>Resultat 2017</i>	2,4%	3,1 %	104

Rekneskapen for 2017 viser eit overskot på 6,1 millionar kroner etter avsetningar. Dette er noko lavare enn målet på sikt, men kommunen er meldt ut av ROBEK. Også målet om maksimum 4 % netto finansutgiftar i 2017 vart nådd, med 3,1% av brutto driftsinntekter, tilsvarande 20 millioner kroner.

Eit meirforbruk på tenesteområda på 6,8 millioner kroner, som er 1,6% over budsjett, er ei klar forverring i frå 2016. Lønskostnader utgjer om lag 71 % av kostnadene. Lønnskostnadene auka med 4% i frå 2016, medan gjennomsnittlig årslønnsvekst frå 2016 til 2017 for tilsette i KS-tariffområde er rekna til 2,4%. Avgrensing og avkorting av ordninga med tilskudd til ressurskrevande brukarar er ei viktig årsak, i tillegg til omstilling i tenestane.

Sum driftsutgifter vart 617 millionar kroner i 2017, medan sum finansutgifter var på 33 millionar kroner. Netto driftsresultat vart 2,4% av driftsinntektene på 631 millionar, der målet for 2017 var 1,5%, og for økonomiplanperioda 1,75%. Vi klarte målet, men ligg under gjennomsnittet for norske kommunar. For landet utanom Oslo, ligg netto driftsresultat an til å bli rundt 3,5 prosent, medan det for kommunane i Møre og Romsdal ser ut til å bli omtrent 3,1 prosent.

Ved inngangen til 2017 sto 3 millionar kroner på disposisjonsfondet, og per 31.12.2017 står no 6 millioner kroner på disposisjonsfondet. Dette utgjer 0,96% av sum driftsinntekter.

Mange andre kommunar fekk høg skatteinngang mot slutten av året, og det ga oss meir i utjamning av skatt mellom kommunar. Utjamninga skjer i etterkant og endelig utjamning vart først kjent i februar 2018. Ein del av denne auken skuldast tilpassing til endringar i skattesystemet. Denne positive effekten vil truleg ikkje halde fram i 2018. I tillegg til høgare inntekter frå skatt har også noko lågare pensjons- og finanskostnader bidratt til resultatet.

Gjelda har hatt ein kraftig vekst dei seinare åra, men ved å avgrense avdraga til minimumsavdrag har vi så langt dempa effekten på driftskostnadene. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter har auka frå 87 % i 2016 til 115% i 2017. I 2016 var snittet i landet 50%. Risikoен ved høg gjeld er først og fremst knytt til ein eventuell reduksjon i inntekter eller auke i rentenivået. Om utsiktene til vekst er svake og rentenivået høgt, blir gjeldsbyrden tyngre å bere. Det historisk låge rentenivået, og auka bruk av sertifikatlån har bidratt positivt til den økonomiske balansen i 2017 ved å halde finanskostnadene relativt låge. Men med 70% av låna i flytande rente, så er vi eksponert for ein risiko knytt til utviklinga i rentemarknaden. Netto gjeld bør ikkje auke meir med tanke på den varsle

renteoppgangen. I Kommunal rapport sitt kommunebarometer er vi no på plass nr 393 innan økonomi, opp 10 plasser frå i fjor.

## **Skattar og rammeinntekter**

I sum auka skatt og rammetilskot med 2,5% i frå 2016 til 2017 grunna eit par heldige vilkår. Vi fekk meir i distriktstilskot som utjamna det at vi fekk mindre i overgangsordninga samanlikna med 2016. Rammetilskotet vart 7 millioner høgare enn justert budsjett, som følgje av høg skatteinngang i andre kommunar.

Veksten i skatteinngang inkl. naturressursskatt var på 5,1% noko som var 0,5 millionar kroner meir enn budsjett, og om lag på landsgjennomsnittet. Revidert nasjonalbudsjett hadde eit anslag på 3,3 %. Skatteoppkreveren i Rauma kommune har særskilt gode innkrevjingsresultat. Dei har klart alle skatteetaten sine resultatkrav og ligg over lands- og regionsresultat på alle krav.

Eigedomsskatten auka med 5,3 %, etter ein auke i skatten på boligar frå 2016 til 2017 på 1,5 promille (til 7 promille). Dei siste fire åra er eigedomsskatteinntektene frå kraftverk redusert med 52% (5 millionar kroner). Auka i promillen for boligar og næring bidrog til å kompensere for redusert eigedomsskatt frå kraftverka, men også for å auke kommunens inntektsgrunnlag i høve til utgiftsnivået.

Gevinsten frå sal av konsesjonskraft vart 0,9 millioner kroner høgare enn venta i budsjett, grunna etteroppgjer etter endelig fastsatt konsesjonskraftvolum for Verma kraftverket. I 2016 var det ein ny runde med forhandsvarsel og nytt vedtak frå NVE 25.11.2016 som i sum vedtok 8,9 Gwh for Verma konsesjonane. Dette volumet vart endelig vedteke ved at Rauma energi sin klage vart avvist i brev av 28.09.2017 i frå OED.

<b>RAUMA</b>	<b>1539</b>				
<b>1000 kr</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>Endring</b>	<b>i prosent</b>	
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)	169 310	174 962	5 653	3 %	
Utgiftsutjevningen	33 903	33 396	-507	-1 %	
Overgangsordning - INGAR	3 155	-613	-3 768	-119 %	
Saker særskilt ford (inkl. helsestasjon skolehel)	1 132	1 564	432	38 %	
Distriktsstilskudd Sør-Norge	1 635	3 739	2 104	129 %	
Ordinært skjønn inkl bortfall av dif.arb.avg.	30	30	-	0 %	
Skjønn - tap endringer av inntektssytemet 201	1 400		-1 400	-100 %	
Endringer saldert budsjett 2014/2015/2016	1 002		-1 002	-100 %	
Ekstra skjønn tildelt av KMD bosetting enslig	-	92	92		
Budsjettavtale 2017 - H, FrP, KrF, V - Stortinget		-587	-587		
RNB 2017 - endringer i rammetilskudd		434	434		
<b>Sum rammetilsk uten inntektsutj</b>	<b>211 567</b>	<b>213 018</b>	<b>1 451</b>	<b>0,7 %</b>	
"Bykletrekket"			-		
Netto inntektsutjevning	19 968	18 412	-1 557	-8 %	
<b>Sum rammetilskudd</b>	<b>231 536</b>	<b>231 430</b>	<b>-106</b>	<b>0,0 %</b>	
Rammetilskudd - endring i %	5,5	-0,0	-5,6	-101 %	
<b>Skatt på formue og inntekt</b>	<b>183 416</b>	<b>192 778</b>	<b>9 362</b>	<b>5 %</b>	
Skatteinntekter - endring i %	3,1	5,10	2,0	64 %	
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)	25 094	26 900	1 806	7 %	
<b>Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)</b>	<b>440 046</b>	<b>451 108</b>	<b>11 062</b>	<b>2,5 %</b>	
			-		
<b>Ekstra skjønn tildelt av fylkesmannen</b>	<b>760</b>	<b>635</b>	<b>-125</b>	<b>-16 %</b>	

(ufordelt skjønn fra Grønt Hefte - fordelt i løpet av året)

## Tenesteområda

	Rekneskap	Budsjett (end)	Avvik	Avvik i %	Bud (øppr)	2016 til 2017
	2017	2017	-		2017	endring
POLITISK STYRING OG KONTROLLORGANER	4 476 639	4 470 000	6 639	0,1 %	4 360 000	-2,3 %
SENTRAL ADMINISTRASJON	25 599 508	27 033 000	-1 433 492	-5,3 %	29 200 000	-29,0 %
KULTUR	11 500 603	11 131 000	369 603	3,3 %	10 687 000	4,1 %
KIRKEN OG RELIGIØSE SAMFUNN	5 546 050	5 542 000	4 050	0,1 %	5 542 000	4,5 %
BARNEHAGE	54 533 742	53 708 000	825 742	1,5 %	52 195 000	5,8 %
SKOLE	96 990 115	98 165 105	-1 174 990	-1,2 %	97 165 105	-0,6 %
HELSE OG VELFERD	39 218 706	40 373 997	-1 155 291	-2,9 %	40 356 997	-1,6 %
HELSE OG OMSORG	169 058 695	162 495 000	6 563 695	4,0 %	158 834 000	7,9 %
UTBYGGING	37 721 888	34 865 108	2 856 780	8,2 %	32 323 108	12,0 %
<b>Sum bruk av midlar</b>	<b>444 645 946</b>	<b>437 783 210</b>	<b>6 862 736</b>	<b>1,6 %</b>	<b>430 663 210</b>	<b>1,9 %</b>

Tenesteområda hadde eit meirforbruk på 6,8 millionar kroner, eller 1,6 % meir enn budsjett. Utbygging, Helse- og omsorg og Kultur hadde eit meirforbruk over 3%, medan administrasjon og Helse- og velferd hadde mindreforbruk over 3%. Netto utgift fordelt på einingane auka med 1,6 % samanlikna med fjoråret.

Ei viktig årsak er at variabel lønn (utanom sjukevikar over 16 dagar og foreldrepermisjonsvikar) hadde eit meirforbruk på 9,5 millionar kroner, eller 25% meir enn budsjett. Dette er ein auke på heile 13 % frå året før.

Alle tenesteområda med unntak av Helse og omsorg, fekk eit kutt på 1% i ramma for 2017. Fleire av områda fekk konkrete kutt i tillegg, og Utbygging fekk relativt sett eit større kutt enn dei andre områda.

Utbygging hadde eit meirforbruk som var samansett av ulike årsaker, mellom anna på forvaltningsområdet med svikt i inntekter samt ekstra utgiftar ved skifte av tilsette. I tillegg kjem meirutgifter til snøbrøyting og at ein ikkje lukkast i å kutte straumkostnadene som var eit av sparetiltaka på veg i 2017. Ekstraordinært vedlikehald og ei 10% auke i straumpris ga auka kostnad ved å drifte formålsbygga. Ikkje alle forholda vil gjelde for 2017, og tiltak vert sett inn for å balansere drifta.

